

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Svar spørsmål 1:

Fylkesutvalet i Hordaland handsama konkurransegrunnlaget for dei nye ferjebaneboda i møte 29.01.16:

Når det gjeld tildelingskriterier for ferjebaneboda var det uttalt følgjande i saksgrunnlaget:

I tillegg til å stille minstekrav til energieffektivitet og miljøeffektivitet per rutepakke, legg ein til grunnbruk av tildelingskriteria energieffektivitet, miljøeffektivitet og pris slik at tilbydarane vert premiert for reduksjonar i miljøverdiar utover dei fastsette minstekrava.

Ved bruk av Klimaplanens miljømål som ambisjonsnivå, vurderer ein at tildelingskriteria bør gjevast følgjande vekt:

- Pris: 70 %
- Energieffektivitet: 15 %
- Miljøeffektivitet: 15 %

Fylkesutvalet stilte seg bak tilrådinga knytt til tildelingskriterium og desse vart lagt til grunn i konkurransen som følgte.

At kvalitet ikkje er brukt som tildelingskriterium betyr ikkje at dette ikkje er regulert i kontrakten. Det er i kontrakten stilt minstekrav til fartøy både når det gjeld kvalitet og tryggleik. Mellom anna følgjande forhold regulert:

- Offentlege krav og sertifikat
- Krav om periodisk kontroll og vedlikehald
- Krav til hovuddimensjonar og lasteevne
- Krav til manøvreringseigenskapar
- Krav til universell utforming
- Krav relatert til støy
- Krav relatert til passasjerareala

Svar på spørsmål nr. 2:

Ferjekontraktane som vil bli gjeldande frå 01.01.20 vil gje Hordaland ein ferjeflåte som er betydeleg nyare enn i dag. Alle ferjer som trafikkerer må vere godkjente av Sjøfartsdirektoratet som er forvaltnings- og tilsynsmyndighet for arbeidet med tryggleik for liv, helse, miljø og materielle verdiar på fartøy.

I overnemnde sak for fylkesutvalet var også krav knytt til servering tema. I saksgrunnlaget står det følgjande:

Fasilitetar for passasjerane skal som minimum tilfredsstille «*Forskrift om beregning av passasjerantall og om passasjerbekvemmeligheter m.v.*». Operatør står fritt til å ha servering og/eller sal frå automat om bord, inntektene frå dette går til operatør. Fylkesrådmannen vurderer det slik at med denne løysinga vil det bli

slike servicetilbod der dette ber seg økonomisk, og at ein ikkje bør nytte offentleg tilskot til subsidiering av drift av kafé eller liknande om bord.

Dette vart følg opp i sjølve konkurransegrunnlaget, slik at det ikkje er spesifikt krav til servicetilbodet om bord.»